



---

## MEDLEMSSKRIV SEPTEMBER 2020.

### **Søknad om prod.tilskot og avløysartilskot søknadsfrist 15. okt..**

Søknad om avløysartilskot:

- I år som i fjor er det viktig at de registrerer kva som er brukt av avløysarutgifter fram til 15. okt.
- Har de ikkje brukt noko fram til no, må de skrive ein 0,- for så å kunne endre/etterregistrere utgiftene fram til 10. jan. 2021.

Kontoutdrag som viser kor mykje som er brukt hittil i år ligg med dette brevet. For dei som mottek dette brevet som e-post, vil det kome ein eigen e-post med kontoutdraget.

Kor stort avløysartilskot får eg:

- Berekna avløysartilskot vil stå i søknaden når de har fylt den ut og er klar til innsending. Maksimalt tilskot i 2020 er kr. 85.800,-.

Etterregistrering kan skje fram til 10. januar 2021. Men lønn som skal med i 2020 må vere utbetalt innan 31. desember. Vi vil i år ha halv skatt på lønn som vert betalt ut i november.

Som kjent er det mulig å få godkjent visse utgifter frå sjølvstendig næringsdrivande som avløysarutgifter. Her er det krav om at det beløpet som gjeld persondelen av timesasten som kan nyttast til avløysing må vere spesifisert med både tal timar og beløp. Tal timar åleine er ikkje godt nok. Ta kontakt om du lurar på noko omkring dette.

### **Digitale timelister**

Frå 01.01.2020 starta Avløysarlaget å tilby medlemmane sine ei digital løysing for innlevering av timelister / arbeidsavtalar m.m. Fleire har no teke dette i bruk, men vi ønsker fleire! Kom gjerne innom kontoret for ein demonstrasjon / presentasjon.

### **Avløysarkurs**

Avløysarkurset som brukar å vere på hausten, er utsett til vinter/vår 2021. Meir info kjem.

### **Fusjon av Bjerkreim Avløysarlag og Gjesdal Avløysarlag**

Begge lag gjorde vedtak på årsmøte om å arbeide vidare med eit forslag til fusjon med 00 verknad frå 01.01.2021. Dette arbeidet er i gang og vil verte presentert for medlemmane på eit ekstraordinært årsmøte i november. Innkalling vil verte sendt ut i god tid.

### **Landbruksvikar**

Ein av våre faste landbruksvikarar, Ingrid Marie Austdal, er no sjukemeldt og vil i november starte på 12 mnd. fødselspermisjon. Som vikar for henne i denne perioden, har Avløysarlaget tilsett Tone Iren Gravdal. Ho starta i stillingen 21. september. Tone Iren har god erfaring frå liknande arbeid både i Bjerkreim Avløysarlag og Time Avløysarlag. Avløysarlaget ønsker henne velkommen og oppfordrar medlemmane til å nytta henne og Alf Helge til avløysing ved sjukdom / fødsel / ferie og frotod m.m. Ta kontakt på mob. 94 08 75 01 for bestilling.